

Sluttevaluering av arbeidsprogram 2019-2020

Dei to hovudoverskriftene for arbeidsprogrammet var lagsbygging og instruktørar.

Målet med lagsbygging var å knyte sterkare samhald mellom dei ulike aktivitetane. På våren i 2019 hadde barne- og ungdomsgruppene ei felles framsyning der alle fekk bidra med det dei held på med. I løpet av hausten 2019 vart det sett ned ei plangruppe for å starte arbeidet med ei liknande framsyning for dei vaksne i laget. Målet var å setje opp Ervingen av Ivar Aasen med teater, kor, kveding, dans og spel. Etter eit år med utsetjingar og usikkerheit vart det hausten 2020 bestemt at prosjektet skulle leggest på is til ein med sikkerheit veit at ein kan gjennomføre det.

I løpet av 2019 stilte dei vaksne i laget opp som gode dugnadsfolk på fellesarrangementa 17. maikafé, verdskafé i Nygårdsparken og julelagsmøte. Elles hadde barnelaget og juniorspelemannslaget familiefolkedans, og på julelagsmøtet i desember samla ein stappfull storsal seg til underhaldning, graut og spennande trekningar.

Laget har òg hatt fokus på samarbeid på øvingane. I 2019 var kvedargruppa eit fast innslag på måndagsringen. Barnelaget og juniorspelemannslaget har i heile perioden samarbeida om å øve opp nye dansespelemenn.

Grunna Covid-19 har det vore lite aktivitet generelt i laget i 2020. Dette har sjølvstgått utover gjennomføringa av arbeidsprogrammet. Hovudstyret har forsøkt å legge opp til samlande aktivitet over nett, som 17. mai, rebusløp og julelagsmøte.

For instruktørane starta dans- og spelgruppene eit tettare samarbeid med samlingar i starten av kvart semester i skuleåret 2019/2020. På samlingane har diskutert samarbeidet mellom instruktør og spelmann, og ulike utfordringar som kan dukke opp på øvingane. Instruktørane for dei yngste dansegruppene fekk tilbod om grunnleggande instruktørkurs hausten 2019.